

# ÅRSMELDING VISIT EIDFJORD KF 2025



 Eidfjord

## EIGARTILHØVE

Visit Eidfjord KF er eit kommunalt føretak som er eigd av Eidfjord kommune. Selskapet har stiftingsdato 12.12.2022 og vedtektsdato 19.06.2023.

## FØREMÅL

I følgje vedtektene, er oppgåvene til Visit Eidfjord KF å ivareta Eidfjord kommune sine følgjande oppgåver og plikter:

- Forvalta, drifta og utvikla kommunen si cruisehamn, der selskapet varetek kommunen sine forvaltningsoppgåver som er tillagt etter hamne- og farvasslova. Selskapet skal tryggja ei sikker, framtidretta og effektiv hamnedrift, samt leggja til rette for maritim utvikling.
- Ivareta kommunen si vertskapsrolle for turistar gjennom drift av turistkontor og informasjonsformidling. Selskapet skal fungera som ein støttespelar og samarbeidspartnar mot reiselivsnæringa i kommunen.
- Selskapet skal aktivt medverka til det grøne skiftet og særleg leggja vekt på berekraftig utvikling i samspel med alle målgrupper og interessentar

# AKTIVITETAR 2025

## FERDSEL - EIDFJORD HAMN

Etter hamne- og farvasslova har kaieigar plikt til å ta imot fartøy så langt kapasiteten i hamna tilseier det, og så lenge fartøya ikkje er til urimeleg trengsel for eigar sin rett til å nytta hamna. Plikta gjeld ikkje dersom mottak av fartøy kan innebera risiko for miljø eller tryggleik.

Eidfjord har hatt sjøtrafikk i 2025:

- 87 cruiseanløp mellom januar og oktober
- 153 anløp av Norled sin hurtigbåt i perioden mai til september
- MS Linan - daglege fjordcruise til/frå Eidfjord hamn i sesong
- Hardanger Fjordsafari – ribturar til/frå Eidfjord hamn i sesong

## CRUISESESONGEN

87 cruiseskip har gjesta oss og hatt med seg 175.229 besøkjande. Samanlikna med 2024 er dette ein moderat auke i tal skip (82 anløp i 2024) og reduksjon i tal passasjerar (176.747 i 2024).

Ved cruiseanløp kjem det svært mykje folk på ein gong. Visit Eidfjord tok nokre grep før sesongstart for å minimera faren for ulukker frå kaien til sentrum:

- Sperreband for å skilja fotgjengarar frå busstrafikk mellom cruisekai og turistinformasjon
- Betre køsystem frå kaisida inn til turistinformasjonen
- Auka trafikk-vakthald
- Berre bestilte bussar til cruisepassasjerar fekk parkera på kai (som tidlegare)

## TURISTINFORMASJONEN

Turistinformasjonen sine grep under cruiseanløp og generelt:

- Betra skilting inni turistinformasjonen for å leia turistane til rett kø i høve booking, eller berre informasjon.
- På inforskjermar inne og på app via QR-kodar ute, kan turistinformasjonen heile tida gje oppdatert info om opningstider, servering, butikkar og aktivitetar i «Eidfjord i dag».



Desse to, nye tiltaka reduserte køane i turistinformasjonen i 2025.

Tiltaka har auka tryggleiken for gjestene og betra tilgangen til informasjon om Eidfjord.

I perioden 01.04.-31.10.2025 viste kundeteljaren at totalt 98.810 gjester var innom på turistkontoret, inkl. cruisegjester. I 2024 var det 125.450 personar, og i 2023 var det 130.024 personar. Nedgangen syner at dei reisande i større grad orienterer seg og kjøper billetter online. Det er flest gjester innom turistkontoret på cruisedagar.



# CRUISESTATISTIKK



## MARKNAD OG KOMMUNIKASJON

Gjennom Visit Eidfjord sitt medlemskap i Cruise Norway, Fjord Norge og Visit Hardangerfjord, vert det jobba målretta med sal og marknad ut mot turoperatørar og cruiserederi. Det er viktig å vera synleg for at Eidfjord skal stå sterkt som reiselivsdestinasjon. I tillegg er Visit Eidfjord til stades på dei viktigaste messene.

Kommunikasjon er viktig. Visit Eidfjord er på Facebook og Instagram og driv fortløpande oppdatering av bilde, film og tekst. Fyrste del av filmen «The Secret Seasons» vart laga i 2025, som del av fellesprosjektet for reiselivet i Eidfjord og Ulvik. Føremålet var fokus på sesongutviding og tydeleggjering av skuldersesongane.

Det same gjeld nettsida [visiteidfjord.no](http://visiteidfjord.no), brosjyrar og sentrumskart, cruise-manual og produktinfo til grupper og turoperatørar, samt vinterprogram, påskeprogram og haustferieprogram.

Måndagsbrevet frå Visit Eidfjord, som tek med viktige nyhende frå reiselivet lokalt og regionalt, går med jamne mellomrom ut til våre interessentar lokalt og regionalt.

Bransjemøte er eit godt fora for å samla reiselivsaktørane i Eidfjord. Dette vart gjennomført i 2025. I tillegg vart det arrangert ein studietur til Flåm for reiselivsverksemdene i Eidfjord og Ulvik. Føremålet var å skapa inspirasjon til sesongutviding og lokal verdiskaping.

## BEREKRAFT

Visit Eidfjord har som mål å redusera klimaavtrykk gjennom berekraftige løysingar både i eiga verksemd og i kommunen. Verksemda har i 2025 arbeidd med ny berekraftpolicy med mål og tiltak, som vert lagt fram for kommunen medio 2026.

Visit Eidfjord er elles på linje med kommunen sine mål og ambisjonar knytt til helse, miljø og tryggleik.

Visit Eidfjord KF er sertifisert som miljøfyrtårn, med årlege rapporteringar og årleg evaluering av måloppnåing. Visit Eidfjord sitt overordna mål samsvarer med Eidfjord kommune sine mål i strategisk næringsplan

- Styrka lokal verdiskaping ved å samarbeida for å utvikla opplevingar som gjev positive ringverknader i lokalsamfunnet
- Ta vare på natur og kultur gjennom ansvarleg formidling, tilrettelegging og haldningsskapande arbeid blant både gjester og aktørar
- Redusera klimaavtrykk i eiga drift og påverka samarbeidspartnarar til berekraftige løysingar
- Fremja lokal kultur og identitet ved å løfta fram tradisjonar, historie og lokal mat som ein naturleg del av besøksopplevinga
- Arbeida kontinuerleg med forbetring knytt til berekraft

## DET YTRE MILJØET

Tal frå Miljødirektoratet syner at vegtrafikken har mest co2-utslepp i Eidfjord, med i underkant av 6935,4 tonn co2-ekvivalentar. Sjøtrafikk ein god nr 2 med 4949,1 tonn co2-ekvivalentar. Tala er frå 2024.

Døme på berekraftstiltak i 2025:

- Etablering av landstrøm i Eidfjord. Visit Eidfjord har starta arbeidet med etablering av landstrøm for cruiseskip. Anlegget skal stå ferdig i april 2027 og vil redusera utslepp av klimagassar frå cruiseskip monaleg. Dette er også bakgrunnen for kaiutvidinga som vart starta i 2025. Noverande kai er ikkje lang nok til at skipa kan nytta det planlagde anlegget.
- Plug Eidfjord AS. Eit eige selskap skal stå for drifta av landstrømanlegget. Plug Eidfjord AS vart etablert i 4. kvartal 2025. Plug AS er hovudaksjonær, med Energiselskapet Hardanger og Eidfjord kommune som medeigarar.
- Environmental Port Index (EPI). Eidfjord innførte EPI i 2022. Cruiseskip skal rapportera data frå anløpet i ein såkalla EPI-score etter avreise frå kai. Rapporterte data vil bli brukt til å oppnå ein såkalla EPI-score frå 0 (verst) til 100 (best). Ei endring i anløpsprisane vil bli kalkulert ved hjelp av ein formel. Ved dårleg EPI-score kan ein få inntil 150% tillegg i pris. Ved god EPI-score kan ein få inntil 20% reduksjon i pris.
- Visit Eidfjord inviterte rederi til å delta i «Clean a beach». Ved 5 cruiseanløp i august 2025 stilte cruiseskipa opp med 10-40 personar kvar og rydda søppel langs strender og vegar i Eidfjord.
- Guidelines. I samarbeid med andre cruisehamner i Norge og Cruise Norway, vart det i 2025 utarbeidd «Guidelines for Visiting Cruise Lines - Recommendations from Norwegian Cruise Ports and Destinations» og «Guidelines for Cruise Guests Visiting Cruise Norway's Ports & Destinations».
- Besøksforvaltning. Visit Eidfjord og kommunen har sidan 2024 delteke aktivt i besøksforvaltningsprosjektet til Vestland fylkeskommune. Målet er metodikk og verktøykasse for metodar som kan nyttast av kommunane, samt auka kompetanse og betre handlingsrom og destinasjonsleiing.

## PERSONAL / ORGANISASJON

Visit Eidfjord hadde i 2025 totalt 11 årsverk inkl. mellombelse stillingar. Av desse var 3 årsverk i faste stillingar, fordelt på to kvinner og ein mann. Det utgjer ein kvinnedel på 66,6%. Kjønnssdelinga i kommunane generelt har ein stor kvinnedel, så dette er ikkje noko spesielt for Visit Eidfjord.

I turistsesongen vart organisasjonen bemanna opp med 5 sesongtilsette (4 kvinner og ein mann) på turistinformasjonen. I samband med cruiseanløp vart organisasjonen også forsterka med trossebåtmannskap, trafikkvakter og ISPS-vakter ut/inn frå skipet, til saman 28 personar som har jobba på timebasis.

Det totale sjukefråværet har vore 10,42% i 2025 mot 2,05% i 2024, noko som skuldast eit langtidsfråver.

## RESULTAT

Hovudinntektene til Visit Eidfjord er inntekter frå cruisetrafikken; havne -, kai -, ISPS og passasjervederlag.

Totalt hadde Eidfjord 87 anløp i 2025 frå januar til oktober, med 175.229 gjester. Dette gav inntekter i 2025 på 18,6 mill. kroner, mot 13,8 mill. kroner i 2024.

Lønn til både fast tilsette, og tilsette med mellombels avtale i turistinformasjonen og på cruisekaien utgjorde 8,1 mill. kroner, mot 6,3 mill. kroner i 2024.

Andre driftskostnader utgjorde 4,2 mill. kroner, inkludert varekostnader.

Årsresultatet utgjorde 6,3 mill. kroner, mot 3,9 mill. kroner i 2024. Styret har vedteke at 6 mill. kroner vert avsett for overføring til Eidfjord kommune.



# AKTIVITETAR I STYRET 2025

Styret har fem medlemmer, alle valde av kommunestyret. I løpet av 2025 har styret hatt 9 styremøte og handsama 55 saker. Kaiutviding og etablering av landstraum har styret brukt mykje tid på.

Styret har hatt ei aktiv rolle og medverka til at administrasjonen og kommunestyret har kunna teke rette val i viktige prosjekt.

Styreleiar har følgd aktivt opp ulike forvaltningsoppgåver og drift av føretaket.

I løpet av året har styret fått på plass styreinstruks, instruks for dagleg leiar, styreansvarsforsikring, årsplan for styret sine oppgåver, vedtektsendringar og arbeid med berekraftspolicy.

Dette er styret i Visit Eidfjord nøgde med:

- Stadfesta tinging av kaiplass og marknadsmessig tilpassing av kai- og passasjervederlag, vil medføra høgare inntekter komande sesong.
- Kaiutvidinga er planlagt ferdig til 30. april 2026, likevel slik at cruisetrafikken kan gå som planlagt.
- Det er sett av areal på kaien til sjølve landstraumanlegget. Plug Eidfjord er hovudansvarleg. Landstraumanlegget er planlagt ferdig våren 2027.
- Etablering av eit kommunalt føretak (KF) i Eidfjord er noko nytt, og styret arbeider med ansvarsfordeling, mynde, oppgåvedeling mm. mellom kommunen og KF-et. Ein samarbeidsavtale med Drift og forvaltning er på plass. Ein avtale vedkomande økonomi er på trappene.
- Bygget til turistinformasjonen blir pussa opp våren -26.

Utfordringar det skal jobbast meir med i 2026:

- Berekraftspolicy og konkrete mål
- Balansera berekraft og natur og miljø, samstundes som lokal verdiskaping skal styrkast
- Skaffa betre datagrunnlag for å ta rette avgjerder i høve dei mest effektive marknads- og salstiltaka.
- Fleire avklaringar må gjerast om oppgåve- og ansvarsfordeling mellom KF-et og Eidfjord kommune.
- Vøringsfossen og området rundt er «motoren» for reiselivet i kommunen. Statens vegvesen stengjer tilgangen til området 1. november. Sesongutviding kan gje fleire heilårsarbeidsplassar i Eidfjord, noko alle partar ynskjer. Då trengst tilgang til deler av fosseområdet heile året.
- Sesongutviding og heilårsarbeidsplassar heng saman med lokal verdiskaping.
- Gjester langs veg og på båt treng tilbod og opplevingar heile året.
- Mange innbyggjarar opplever trafikken i sentrum i sommarmånadene som litt kaotisk. Det er fleire planar på gang for å betra situasjonen. Visit Eidfjord tek gjerne del i dette arbeidet.
- Bubiltrafikken til og i Noreg er aukande. Det merkast også lokalt. «Villcamping» er ei utfordring. Fleire partar bør gå saman og sjå på tiltak som kan motverka dette fenomenet.
- Styret i Visit Eidfjord bør verta betre kjent med det lokale reiselivet og har som mål å halda ein del av styremøta ute hjå reiselivsverksemdene.

EIDFJORD 12. MARS 2026




Wenche Nygård Eeg  
Styreleiar




Kjersti Bjørke  
Nestleiar



Vidar Riber  
Styremedlem



Einar Nagell-Erichsen  
Styremedlem



Aud Opheim Lygre  
Styremedlem